

HJARTDAL HISTORIELAG

VI VIL GJERNE HA



SOM MEDLEM I
HJARTDAL HISTORIELAG !

Hjartdal Historielag blei stifta 1989. I dag har vi 47 medlemmer, og det er for lite i ein kommune på over 1700 innbyggjarar. Vi har forresten ikkje gjort noko for å verve medlemmer heller - før nå. Med dette bladet som blir sendt til alle husstandar i Hjartdal, får du eit inntrykk av kva HHL arbeider med. Det viktigaste til nå har vore å samle lokalhistorisk litteratur og kjeldestoff. Ein hovuddel av bladet er ei alfabetisk liste over

kva vi har i samlinga til nå . Som medlem får du tilgang til denne samlinga, og rétt til å låne det du måtte vere interessert i.

Samlinga er plassert på Hjartdal Folkebibliotek på Saulandtunet. Du får låne nøkkel av bibliotekaren.

Som medlem blir du også med i eit lag som ønsker å arbeide med histore på fleire måtar i lokalsamfunnet. På side 3 i bladet finn du vedtektene,

som seier at føremålet er "å vekke, auke og spreie interessa for fortida til Hjartdalsbygdene."

Dersom du er interessert i å vere med på dette, så er du velkommen i laget. Er du heilt "blank" i kunnskapen om lokalhistoria di, så er du minst like velkommen som medlem, for da har du muligheten til å rette på dette.

Som medlem er du så og seie utan plikter. Kontingenten er førebels så liten som 30 kroner (10 kroner! for skuleelevar under 18 år.) Verv i styret mv. er sjølv sagt ei frivillig sak å ta på seg.

Som du ser har vi nå gitt ut 6 kontaktblad. Desse får alle medlemmene. Bladet kjem ut uregelmessig, og størrelsen varierer mellom 4 sider og opp til over 20. Fleire medlemmer kan kanskje gjere bladet større, betre og meir regelmessig.

HHL har også arrangert historiske rusleturar og vil gjerne arrangere historietreff på biblioteket, der medlemmer møtast til faste program eller bare for å snakke saman eller studere i samlinga. Vi har mellom anna alle kyrkjebøkene for Hjartdal prestegjeld heilt frå 1600-talet på mikrofilmkort.

Desse er greie å lese ved hjelp av eit spesielt apparat som står på biblioteket. Eit mål kan vere å ha faste historiekveldar f.eks. ein gong i månaden der vi møttest til slike aktivitetar.

Har du nå funne ut at dette er noko for deg, kan du bare skrive namnet ditt på bankgiroen og sende den gjennom Hjartdal Sparebank til kasseraren - Hans Skeie.

Gjenparten vil gjelde som medlemskort resten av 1992, heile 1993 og heilt fram til årsmøtet vinteren 1994.

Altså eit særst godt tilbud ! Er det fleire i husstanden som vil ble medlem er det bare å fylle ut ein eigen blankett i banken.



Vi reknar med ein del innmeldingar dei nærmaste dagane !

Som medlem blir du også med i ei landsomfattande forening. HHL er medlem av "Landslaget for lokalhistorie" som omfattar dei fleste lokale historielag i landet. Dessutan er vi knytt til "Telemark Hlhistorielag" som mellom anna utgir den lokalhistoriske årboka "Telemark Historie" kvart år.

VEDTEKTER FOR HJARTDAL HISTORIELAG



Vedtatt på årsmøtet 1991

- § 1 Hjordal Historielag skal ha til føremål å vekke, auke og spreie interessa for fortida til Hjordalsbygdene. Laget skal legge vekt på at bygdehistoria blir sett i samanheng med annan historie og med dei samfunnstilhøva vi har i idag.
- § 2 Laget skal stø opp om og eventuelt drive, vern av kulturminne i Hjordalsbygdene, eller med tilknytning til desse bygdene.
- § 3 Laget skal vere medlem av Landslaget for lokalhistorie, og der det er naturleg, samordne arbeidet sitt med Telemark Historielag og lokale historielag elles.
- § 4 Laget skal ha eit styre som er plikta til å føre protokoll for alle møte og andre aktivitetar. Styret skal om det er mulig ha representantar for ulike delar av kommunen, ulike aldersgrupper og begge kjønn. Styret skal ha 6 medlemmer, 2 varamedlemmer og ein valgkomite på 3 personar. Minst 4 styremedlemmer må vere tilstades for at vedtak kan bli fatta. Dersom det er 4 elle 6 tilstades, skal formannen nytte dobbeltstemme ved avstemningar. Ein revisor skal utnemnast utanom styret. Styremedlemmer skal velgast for 2 år av gongen. Årsmøtet velger formannen, elles konstituerer styret seg på første styremøte etter årsmøtet.
- § 5 Årsmøte skal haldast kvart år før 1.april.
- § 6 Skal vedtektene forandrast, må det vedtas på årsmøte med 2/3 fleirtal. Framlegg til endringar må sendast via styret til alle medlemmene seinast 14 dagar før årsmøtet.
- § 7 Skal laget oppløysast, må det vedtas på årsmøte med 2/3 fleirtal. Framlegg om oppløysing må sendast via styret, til alle medlemmene seinast 14 dagar før årsmøtet. Ved oppløysing skal Hjordal kommune overta eigedommen til laget, og disponere denne etter rådføring med Museumstenesta for Aust-Telemark.

SKULEELEVAR MED LOKALHISTORISKE TEMA I SÆROPPGÅVER

Vi ser med glede at ein del unge viser interesse for historia til heimstaden sin. HHL har tidlegare fått kopi av sær oppgåva til Annette Slaattun om stadnamna i Fossegrenda, frå Notodden Videregående Skole. Seinare har Karl Ingar Asland skreve om stadnamna i Lonargrenda.

Våren 1992 var to elevar i 9. klasse ved Hjartdal barne- og ungdomsskule i gang med sær oppgåver med lokalhistorisk innhald. Jannicke Tolfen skreiv om stadnamn i nordre del av

Sauland. Og Mari-Ann Haugeberg skreiv om eiga slekt som mellom anna omfattar presten S.H.Finckenhagens familie i Hjartdal. Kopiar av desse oppgåvene er snart på plass i HHL-samlinga.

Våren 1991 laga 9. klassingen Elise Kleivane ei grundig og omfattande oppgave om den gamle stavkyrkja i Sauland.

Dei fleste av desse skuleelevane har brukt stoff frå HHL-samlinga, så da ser vi at samlearbeidet kjem til nytte slik vi ønsker.

Hjartdal Historielag seier takk til Hjartdal Sparebank for gave på 500 kroner nå i vår.

Til Hjartdal kommune seier laget takk for 2000 kroner av kulturmidlane 1992 og for lån av kopieringsmaskin.

B L I M E D L E M ! ! !


VI ER MANGE !

Går du surr i alle historieinteresserte lag og foreningar i kommunen ? Det er ikkje så rart. I dag har vi mange som interesserer seg for fortida:

- * For å starte med oss sjølv så er altså namnet Hjartdal Historielag, og laget er danna i 1989. Vi dekker heile kommunen. (Elles talar dette bladet for seg.) Vi er medlem av Landslaget for lokalhistorie.
- * Vi bør ikkje blandast saman med Hjartdal Museumslag som bare dekker Hjartdalsbygda og jobbar først og fremst med vernearbeid av meir praktisk art. Men dei har også gitt ut bok med Landstads segner om hjartdølane.
- * Tuddal Museumslag dekker Tuddalsbygda og har som hovudoppgåve å drive Tuddal bygdetun. Dei har også for tida store planar om museumsutbygging.
- * Sogenemnda er eit kommunalt offentleg utval under hovudutvalet for undervisning og kultur. Dei har som oppgåve å leie arbeidet med gards- og ættesoga for bygdene.
- * I tillegg kan vi nemne at Hjartdal Mållag også driv ein del historisk arbeid. Dei har gjeve ut dialektbok og kvart år frå 1987 "Hjartdalskalenderen".
- * Husflidslag og bondekvinnelag har arbeidd ein del med lokale tradisjonar. Og til og med Sauland Idrettslag arbeider med si historie i bygda, og dei er eit av dei aller eldste idrettslag i landet.

Det er sikkert fleire som vi ikkje kjem på i farten. I alle fall er det tydeleg at det er stor interesse for tidlegare tider. I dag er det altså Hjartdal Historielag som vil ha deg som medlem. Laget omfattar allslags (lokal)historie og heile kommunen. Derfor er det laget for deg, dersom du ikkje har slike historieinteresser som eit av dei andre laga tek betre vare på.

SJÅ ETTER I SKUFFAR OG SKÅP !



Anten du er interessert i å bli medlem eller ikkje, er det ein ting vi vil be deg om, og det er hjelp til å bygge opp samlinga vår. Du har kanskje liggande noko som kan vere av interesse for HHL. Vi er ute etter alt som kan fortelje om fortida til Hjartdalsbygdene. Det kan vere trykt stoff, men det meste har vi nok alt i samlinga.

Det vi trur er mest aktuelt å få tak i på denne måten er handskrifter. Ein del tidlegare og nålevande Hjartdølar har nok skreve dagbøker eller i alle fall notert ein del ting frå dagleglivet. Kanskje er gamle historiar blitt skrevne ned. Alt som fortel om tidlegare tider er interessant for laget.

Det er her berre snakk om å få låne stoffet og kopiere. Originalar må du sjølvsgt behalde sjølv. Du bestemmer sjølvsgt også om det er delar av stoffet som er så privat at du vil halde det utanom, dersom andre delar blir levert til laget.

LISTE OVER INNHALDET I SAMLINGA TIL HHL 1.10.1992 :

ADOLPH TIDEMAND OG FOLK HAN MØTTE (UTDRAG)
(TEIKNINGAR AV EIN DEL SAULENDINGAR PÅ 1800-TALET)
NOSS, AAGOT (KOPIHEFTE))

AMERIKABREV I TELEMARK GULLIKSEN, ØYVIND TVEITEREID
(ARTIKKEL TELEMARK HISTORIE 1987)

ANUND HOVDE EIN JONDALSKUNSTNAR AV TUDDALSÆTT
BUEN, KNUT (KOPIHEFTE)

BERETNING OM HJARTDAL SPAREBANKS 25 ÅRS VIRSOMHET (KOPIHEFTE)

BERETNING OM VERKSEMDA TIL HJ. SPAREBANK 50 ÅR (KOPIHEFTE)

BILDESAMLING - LEIF SKOJE (FOTOSTATKOPI)

BISKOP JENS NILSSØNS VISITASREISER
NIELSEN, DR. YNGVAR (KOPIHEFTE)

BONDEOPPRØRET I AMBJØRNDALEN
NRK-TELEMARK ANNE HAUGEN WAGN (LYDKASSETT)

BREVKOPIBOK ETTER OLE KITTELSEN BØEN
BØEN, OLE KITTELSEN (RINGPERM)

BUNADSKAPAREN ANNE BAMLE 1884-1984
GRINI / BAMLE / NYMOEN (HEFTE)

BYGDEFOLKETS KRISEHJELP
AVISUTKLIPPSAML. v/ ALF MOSTUE (KOPIHEFTE)

BØNSKRIFT TIL HERREDAGEN 1 1599
STYRET FOR KJELDESKRIFTFONDET (KOPIHEFTE)

DEN NORSKE TURISTFORENINGES AARBOK 1868 (KOPIHEFTE)
OM VEGPLANAR TUDDAL-RJUKAN

DIV. UTVANDRING (A4-KASSETT)

DIV. TURISTBROSJYRER MED HISTORISK INNH. (A4-KASSETT)

DIV. OM FOTOBEBVARING (A4-KASSETT)

DIV. FRÅ LANDSLAGET FOR LOKALHISTORIE (A4-KASSETT)

DIV. SKRIV OM ØYEN-SLEKT I USA
NAESETH, G. (M.FL.) (KOPIHEFTE)

DIV. FOLKEMINNE FRÅ HJARTDALSBYGDENE
UNGDOMSSKULEELEVAR HJARTDAL B/U-SKULE (KOPIHEFTE)

DIV. GAMLE SKULEBØKER

DIV. REFERAT FRÅ MØTE VALGSTYRE 1928-34 (KOPI)

EDB I ÆTTESOGEARBEID CARLSEN / DYRVIK

EN FJELDBONDES LIV OG HISTORIE MED NOGEN BEMERKNINGER OM SIN SLEGT MM
(1891) KJELLDALLEN, HANS SØRENSEN (KOPIHEFTE)

EIN TELEMARING I AMERIKA SNOWSHOE-THOMPSON
GVÅLE, GUDRUN HOVDE (KOPIHEFTE)

FE HONDER ÅR SEA. SOGU OG SEGN FRÅ GRANSHERAD
KVAALE, KJETIL (KOPIHEFTE)

FOLKETELJINGSLISTER 1801 (EDB-UTSKRIFT)

FOLKETELJINGSLISTER 1865, 1875, 1901 (RINGPERM)

"...FOR AT FINDE EN BLIDERE SKJEBNE"
SKOJE, LEIF / WAGN, ANNE HAUGEN (BOK)

FOSSEGRENDA STEDSNAV N M.V. SLAATTUN, ANNETTE (KOPIHEFTE)

FREDA HUS I HJARTDAL KOMMUNE RIKSANTIKVAREN (KOPIHEFTE)

FRÅ OMGANGSSKULE TIL NIÅRIG I HJARTDAL
HARDANG / GVÅLE / SISJORD (BOK)

FUNN AV OLDSAKER I HJARTDAL TELEMARK
OLDSAKSAMLINGEN UNIVERSITETET I OSLO (KOPIHEFTE)

FØR I TIDA GAMALT FRÅ BØHERAD NORDBØ, OLAV

GAMALT FRAA TELEMARK SEGNER OG SOGUR
(UTDRAG) GUNHJEM, CHR. (KOPIHEFTE)

GAMLE NORSKE KART (KATALOG OVER UTRYKTE KART) FLADBY, ROLF M FL

GAMLE SAGN OM HJARTDØLENE LANDSTAD, M.B. (BOK)

GRANSHERADKALENDEREN 1988, 1989 GRANSHERAD MUSIKKORPS

HAR KOMMUNEN EN FORTID
KROGSTAD, MORTEN STATENS KULTURMINNERÅD (HEFTE)

HAUGETY OG TROLLSKAP HJARTDAL I SEGN OG SOGE
NES, TRYGVE (BOK)

HEIMEN LOKALHISTORISK TIDSSKRIFT LANDSLAGET FOR LOKALHISTORIE

HISTORIELAGET FOR TEL. OG GRENLAND (ÅRBOK)
1918,20,21,22,23,24,25,26,27-29,33-34,35,36,38,40,46

HISTORIELAGET I ARBEID
LANDSLAGET FOR BYGDE- OG BYHISTORIE M FL (HEFTE)

HITERDALS BESKRIVELSE GLÜCKSTAD, CHR. (FORHV.SOGNEPREST) (KOPIHEFTE)

HJARTDAL TELEMAR (TURISTBROSJYRE)
WAGN, ANNE HAUGEN /SKOJE, FRØYDIS HAGENE (HEFTE)

HJARTDALSHEIENE WERENSKIOLD, WERNER (KOPIHEFTE)

HJARTDALSKELENDEREN 1987,88,89,90,91 HJARTDAL MÅLLAG

HJARTDALSSOGA GARD OG ÆTT I TUDDAL KARLSRUD, GJERTRUD KLEVELAND (BOK)

HUSMANNSPASSREGISTRERING VED 9.KL HBU (RINGPERM -IKKJE AVSLUTTA)

HVOR ER KILDENE? RUUD, MARIT EKNE

INTERVJU: GODTFRED SUNDBERG TUDDAL BØEN, JON O. (LYDKASSETT)

INTERVJU: GRO AAKRE BONDAL TUDDAL MOSTUE, ALF (LYDKASSETT)

INTERVJU: GUNLEIK HAUGEN SIGURD KULTAN MOSTUE, ALF (LYDKASSETT)

INTERVJU: HANS LONAR SAULAND BØEN, JON O. (LYDKASSETT)

INTERVJU: O J RUE TUDDAL MOSTUE, ALF (5 LYDKASSETTAR)

INTERVJU: TONE STUVERUD TUDDAL MOSTUE, ALF (LYDKASSETT)

INTERVJU: ØYSTEIN BONDAL MOSTUE, ALF (LYDKASSETT)

INTERVJU: ØYSTEIN H BONDAL TUDDAL MOSTUE, ALF (LYDKASSETT)

JARAND RØNJOM SOM KIRKEBYGGER
SCHULZ, CHRISTIAN NORDBERG (KOPIHEFTE)

JORDMOR ASLAUG BØE (INTERVJU) NRK-TELEMAR (LYDKASSETT)

KNUD GISLESEN VÅLE, GUDRUN HOVDE (ARTIKKEL I TEL.HIS. 1989)

KONTAKTBLAD FOR HJARTDAL HISTORIELAG MV.
HJARTDAL HISTORIELAG (A4-KASSETT)

KRINGSJÅ INFO FRA NORSK LOKALHIST.INST. (A4-KASSETT)

KRISER OG REAKSJONAR I HJARTDAL I 30-ÅRA WAGN, ANNE HAUGEN (KOPIHEFTE)
KYRKJEBØKER MIKROFILMKORT HJARTDAL PRESTEGJELD
STATSARKIVET OSLO (RINGPERM 95 KORT)

LITA KULTURSOGE FRÅ HJARTDAL WAGN, ANNE HAUGEN (BOK)

LOKALHISTORIE I SKOLEN TRY, HANS (RED)

LOKALHISTORISK MAGASIN LANDSLAGET FOR LOKALHISTORIE / LANDSLAGET FOR
LOKAL- OG PRIVATARKIV (A4-KASSETT)

LOKALHISTORISKE ÅRBØKER II TRYKKINGEN BRÆND, BJØRN

LØVHEIM HOTELL 1877-1977 MOSTUE, ALF (KOPIHEFTE)

MED NORGE I VEKST (NORSK HYDRO 1905-80) (BOK)

MINNE OG TRADISJON MUNTLEG KILDESTOFF CARLSEN, NINA HVEEM

MONS LANDSVERK DIV. SKRIV (KOPIHEFTE)

MUNTLEGE KILDER HODNE / KJELSTADLI / ROSANDER

MYTISKE SAGN FRA TELEMARKE
LANDSTAD, M.B. (EFTERLADTE OPTEGNELSER) (KOPIHEFTE)

NORGES SKYTTERE I ORD OG BILDER (UTDRAG) RØGEBERG, WILLY (KOPIHEFTE)

NORSKE ARKIVKATALOGAR (BOK)

NORSKE GAARDENAVNE (HJARTDAL OG HEDDAL) RYGH, OLE (KOPIHEFTE)

NOTODDEN HANSEN, JENS CHRISTIAN (BOK)

NYTT FRÅ SAULAND IDRETTSLAG NR.1-1980 TORBJØRNSEN, MATHIS (KOPIHEFTE)

OLAV SJOÅSEN GAMLELÆRAREN I TUDDAL BUEN, KNUT (KOPIHEFTE)

OM KYRKJER OG GAMLE HUS I HJARTDAL
UNGDUMSSKULEELEVAR VED HJARTDAL B/U-SKULE (KOPIHEFTE)

PRESTAR I HJARTDAL PRESTEGJELD (KOPIHEFTE)

REISE TIL TELLEMARKE OG TIL ARENDAL SOMMEREN 1852
DUNKER, BERNHARD (KOPIHEFTE)

SAULAND IDRETTSLAG 1867-1977 FIDJELAND, TORKJELL (KOPIHEFTE)

SKATTEMATRIKKELEN 1647 TELEMARKE FYLKE FLADBY / JOHANNESSEN (RED) (BOK)

SKYTTERSÅKEN I NORGE DENS HISTORIE... VIGANDER, HÅKON M FL (KOPIHEFTE)

STADNAMNINNSAMLING AV SKULEBORN I 30-ÅRA (KOPIHEFTE)

SVEIN LØNDAL RUI, O.J. (KOPIHEFTE)

TELEMARK HISTORIE 1980,81,83,84,85,86,87,88,89,90,91 (BOK)

TELEMARKEN REISESKILDR.FRA NATUR OG FOLKELIV
HAUKENÆS, TH.S. (KOPIHEFTE)

TIME-HONORED NORWEGIAN RECIPES
XAN, ERNA OLESON / MARSTRANDER, SIGRID (HEFTE)

TINGBOKA SOM KILDE MARTHINSEN, LIV (RED) (BOK)

TOPOGRAFISK BESKR. OVER BRATSBERG AMT HELLAND, AMUND (KOPIHEFTE)

TUDDALS ELDSTE KYRKJE GVÅLE, GUDRUN HOVDE (KOPIHEFTE)

TUDDALSPORTALEN INFORM. FRÅ OLDSAKSSAML.
HOHLER, ERLA B. (KOPIHEFTE)

UTVANDRERLIV NORWEGIANS IN AMERICA (HEFTE)

VI TAR EDB I BRUK FLADBY / WINGE (BOK)

VISUR OG VERS FRÅ HJARTDAL HJARTDAL VISEKLUBB (HEFTE)

WISCONSIN MY HOME (1.KAPITTEL PÅ NORSK)
XAN, ERNA OLESON (KOPIHEFTE)

ÆTTESOGER FRÅ TEL.(UTDR.) NORDBØ, HALVOR (KOPIHEFTE)

ÅRBOOK FOR TELEMARK 1990
TELEMARK MÅLLAG DAG AANDERAA (RED) (BOK)

ÅRBOOK FOR TELEMARK REGISTER 1955-1985
AANDRAA, DAG (KOPIHEFTE)


ÅRSSKRIFT NOTODDEN HISTORIELAG
1983,84,86,87,88,89,90 (BOK)

NB.:

SJØLV OM DU ER MEDLEM FRÅ FØR, SER VI GJERNE AT DU
BRUKAR INNBETALINGSKORTET SOM LIGG VED FOR 1993.
DET SPARER OSS FOR Å SENDE UT EIN EIGEN RUNDE MED
INNBETALINGSKORT TIL MEDLEMMENE TIL VÅREN.

Det er greiast å få tilgang
til samlinga i åpningstida
til biblioteket

Tirsdag 10.00-14.00
Torsdag 14.00-19.00



Styret 1992-93 :

TORKEL HYTTA (FORMANN) . . .	TLF.: 23150
JON O. BØEN (NESTFORMANN)	TLF.: 24012
LEIF SKOJE (SEKRETÆR)	TLF.: 23011
HANS SKEIE (KASSERAR)	TLF.: 24896
ASTRID NERISRUD VÅLE	TLF.: 24920
IVAR T. DAHL	TLF.: 24096
ASTRID ESPELID (VARA)	TLF.: 24714
ANNE TONE LARSEN (VARA) . .	TLF.: 23266